

RAPPORT

Uvdal stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne sammenhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Bygningshistorie	4
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	5
Vedtaksprosess og tiltak	5
Tak	5
Sponlegging	6
Spon på Uvdal	7
Takryttar og vindfløy	8
Kyrkjegardsportal	9
Steintrapp og grunnmur	9
Vindauge	9
Kyrkjekunst og inventar	10
Andre tiltak	10
Samandrag	10
Litteratur og kjelder	11
Fotnotar	11

Uvdal stavkyrkje

Dokumentasjon av
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016
www.ra.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale
kan medføre erstatningskrav og inndraging
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilette:
Dagfinn Rasmussen, Riksantikvaren

Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



Stavkyrkja: Kyrkja med kyrkjegardsmur og kyrkjegardsportal sett frå vest. Foto: Dagfinn Rasmussen, Riksantikvarens arkiv.

Uvdal stavkyrkje

BYGNINGSBESKRIVING

Uvdal stavkyrkje er datert til omkring 1170 og er av midtmasttypen. Kyrkja er bygd om i fleire omgangar og vart bygd om til krosskyrkje med takryttar omkring 1725. Krossarmane er òg bygde i stavverk. Portalane, halvmaskene ved sida av

koropninga og utskjeringane i vestgalleriet er frå mellomalderen. Den måla renessansedekoren er frå 1600-talet medan rokokkoornamenta er frå 1700-talet. Grunnstokkane er lagt rett på den planerte grusbakken, utan steinfyllingar. Vegsvillane rir over grunnstokkane, støtt opp av ein tørrmur. Svillane er tappa inn i hjørnestavane som står på steinfundament.¹ Takverket består av enkle sperrer med hanebjelke. Sperrane er felt ned i stavlegjene og forsterka med langsgåande bogekne.

Midtmasta står midt i det opphavlege skipet.

BYGNINGSHISTORIE

Kyrkja har opphavleg vore relativt lita, og med unntak frå utvidinga omkring 1725, har kyrkja unngått dei store restaureringane i nyare tid. Gjennom 1900-tallet har det berre vore utført mindre vedlikehald og restaureringsarbeid ved kyrkja. I 1979 vart det utført arkeologiske utgravingar under kyrkja i samband med sikring av fundamenta. Ved utgravingane vart det funne spor etter ei eldre



Prøvetaking: Hans Marumsrud undersøker kvaliteten på fura. Foto: Thomas Kofstad, Riksantikvarens arkiv.

stolpekyrkje i grunnen under kyrkja. Golvet låg praktisk talt heilt nedpå grunnen før desse utgravingane. Midtmasta var fundamentert på stein, men fekk støypt understønad i samband med dette arbeidet. På bakken under skip og kor vart det samstundes lagt Rockwool matter som isolasjon mot grunnen. Desse låg laust utover med risiko for å tiltrekke seg fukt og har ikkje hatt noko funksjon slik dei har ligge. Avstanden ned til bakken under golvbjelkane i kyrkja har tidlegare vore 20 centimeter som mest. Austre svill i skipet mellom skip og kor er sterkt røteskadd nord for korbogen. Materialet vart i 1979 behandla med xylamon, og ved synfaring såg skada ikkje ut til å ha utvikla seg vidare.

TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

Ved Uvdal stavkyrkje vart det ved synfaring hovudsakleg påvist store skader på fleire av takflatene til kyrkja.² Samstundes var det ei rekke mindre forhold med behov for utbetring. Ved nordsida av kyrkja låg terrenget noko for høgt, då særskilt inn mot veggen av våpenhuset og i hjørnet mellom våpenhuset og sakristiet. Grunnmuren hadde enkelte stader glidd ut. Dette gjeld også steintrappa som vender mot sør, som var delvis glidd ut. For å fylgje opp eventuelle setningar i bygget er det etablert faste målepunkt i kyrkja. Eit

målepunkt framfor preikestolen, samt eit målepunkt ved nordvestre hjørnestav i det opphavlege skipet, som kan nåast frå galleriet. Begge punkta er merkte med messingstift i golvet.

Vidare er det observert røteskader over og bak preikestolen i nedre del av austre stavlegje og i øvre del av vest-austgåande bjelke inn over koret. Desse skadane er gamle og har ikkje endra seg i nyare tid. Det vart ikkje observert fukt i tilknytning til desse eldre skadane.³

I tillegg til at spontekkinga på takflatene var i dårleg stand, då særskilt dei sydlege sidene av kyrkjetaket, var mønekam og isbord sterkt prega av røteskader og slitasje. Samstundes var mønespira på kyrkja slitne av vêt og kyrkjegardsportalen ved kyrkja hadde behov for utbetring av tak og spir. Vindauga i kyrkja var i dårleg stand.

VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

TAK

Takflatene på Uvdal stavkyrkje fekk ny spon på 1960-talet. Gjennom stavkyrkjeprogrammet vart det lagt ny spon på alle dei vêtutsette, sydvende, takflatene utover mot dalen, samt på heile takryttaren. Spona på sjølv spiret måtte skiftast, då dei var tæra bort av sol og vêt. Desse hadde ikkje vore skift sidan takryttaren vart bygd på i 1721. Dei øvrige takflatene på kyrkja vart punktrepasert med ny spon til erstatning for dårleg spon.



Spon: Storleiken på spona vart tilpassa dei som låg på taket. Foto: Thomas Kofstad, Riksantikvarens arkiv.

SPONLEGGING

Det vart nytta grov, rettvokse, utmalma furu med avslutta vekst til produksjon av spona. Det er tidkrevjande å finne slike material i dag, men dei må ha denne kvaliteten for kløyvinga sin del og for at sponen skal vare lenge.

Spona vart produsert i løpet av 12 veker med fire mann i arbeid. Emna vart kløyvd ut av kubbar på tilpassa lengde, for deretter å verte delt i kvartingar i fiberretninga til virket. Frå kvar kvarting vart sponemna kløyvd. Spona skal så langt som mogleg ha kantved, ståande årringar. Det inneber at ved kløyvinga av kvar «kvarting» vil sponen bli mindre og mindre egna utover mot ytterkanten av kubben.

Emna vart til slutt manuelt arbeidd med, slik at dei vart tjukkare nedst og tynne øvst. Dette vart gjort med øks, helst på baksida. Eigna virke vart framskaffa frå områder i Nore, Tinn og Kviteseid. Samtleg av materialet vart vektlagt fylgjande materialspesifikasjonar:

God utmalming, helst ca 30-32 cm i rotstokken, det vil seie stokkar med mål i brysthøgde ikkje særskilt under 40 cm diameter. Det må og leitast etter tred som i stor grad har avslutta vekst (flat krone). Det kan forsøksvis borast i kvart enkelt tre for å kontrollere kjernevedandelen. Dette er eit tidkrevjande arbeid.

Bein og rund. Tre et skal vere beint og trill rundt.

Høg kvistsetting. Rotstokken skal være utan kvist og utan spor etter kvist i ei høgdepå minst 4-5 meter, helst meir.

Skillingsbark så langt ned som mulig. Eit godt kjenneteikn er at skillingsbarken, som er den meir gulaktige barken, går langt ned på stammen. Slike tred er lettare å kløyve. Tred med grov bark høgt oppover stammen er verre å kløyve og det må påreknast meir vrak, og er difor lite egna.

Rettvokse. Høgre eller venstrevridd virke er langt mindre egna, eller til dels ueigna, og må arbeidast med i langt større grad. Å avklare om ein



Sponlegging: Store mengder spon må tilpassast. Foto: Thomas Kofstad, Riksantikvarens arkiv.

stokk er vridd fordrar kompetanse og undersøking av kvar enkelt stokk, mellom anna må det barkast eit lite felt på stokken. Ikkje alle grunneigarar vil like at skogen blir barka om treida ikkje skal fellast etterpå.

”Mellomalderkvalitet”. På eldre spon finn ein sjeldan geitved, men den vil normalt vere så kalla

”aldersved”, med særskilt tette årringar.

SPON PÅ UVDAL

Storleiken på spona vart tilpassa den spona som låg på taket frå før. Spona har det ein kan kalle ein «svung» på kvar side, medan den nedste spona er avrunda. All spon vart lagd med same lektaavstand som tidlegare.

Opphavleg låg spona truleg direkte på takborda festa med trepluggar eller med smidd spikar. På Uvdal stavkyrkje var det ikkje ynskeleg eller naudsynt å byte papplaget som låg der frå før. Innvendig har kyrkja dekormåling frå 1600- og 1700-talet som må vere optimalt beskytta mot lekkasjar. Spona vart lagd tre-dobbelt. Spona vart spikra med klypt spikar synleg i midten. Dette gjev størst stabilitet og best feste, og ein unngår samstundes at spikaren går gjennom underliggende spon. Samstundes som synleg spikring gjev eit betre feste for kvar enkelt spon unngår ein også at spona vippar opp i nedkant. Synleg spikring samsvarer samstundes med spor i eldre spon som viser slik synleg innfesting. Metoden gjev også moglegheita for punktvis utskifting av spona ved seinare høve. På nedre del av kortaket mot sør, samt på spiret, vart spona fest med handsmidd spikar slik sponen var fest tidligare. Vidare vart det montert koparbeslag i gradrennene. Den nye spona, så framt godt vedlikehald med tjære, bør kunne ligge opp mot 100 år og for mange av spona betydeleg lenger. Uvdal stavkyrkje var den fyrste kyrkja der det vart lagt telgd spon i 100% kjerneved i regi av stavkyrkjeprogrammet.

Det vart i samband med arbeida ved kyrkja gjennomført kurs i sponkløyving og legging.



Vindfløya: Ny kopi vart montert. Foto: Ellen M. Devold, Riksantikvarens arkiv.



Kyrkjegardsporten: Ny spontekking på taket ferdig tjærebreidd. Foto: Ellen M. Devold, Riksantikvarens arkiv.

I 2002 vart det, som beskrive ovanfor, lagt ny telgd spon på alle takflatene på sørsida av kyrkja. Etter 10 år såg ein at dei gamle spona på nordsida, som ikkje vart skift, var blitt så mykje dårlegare at det var naudsynt å skifte spona på alle takflatene på nordsida òg.

Etter å ha demontert den gamle sponen kunne ein konstantere at pappen og sløyfene var så bra at ein kunne la dei ligge. Det vart gjort nokre justeringar og kompleteringar av sløyfene i gradene. Alle lektene vart lagt nye, i 100% kjerneved av furu. Spona på alle flatene vart tilverka etter modell av den gamle. Virke til spona fekk ein frå Møre. Spona varierar i breidde og vart sortert slik at ei på nokre tak brukte dei smalaste, og på andre flater dei som var noko breiare, for at det skulle vera lettare å leggje. All spon vart fest synleg med ein eldre klypt mustadspikar, i dimensjon 2 og 3 tomnar, synleg på gamalt vis.

Det vart lagt spon på 7 flater i 2014 og det vart bytt om lag 6 300 telgde spon på Uvdal stavkyrkje i 2014-15, medan det totale antalet som ligg på kyrkja er om lag 15 000 stk.

Utover arbeidet med skifting av spon vart det utført reparasjonar av vindskibord på våpenhus samt utskjering og skifting av mønekam på søndre ving, samt våpenhus, med tilpassing av vassbord mot mønekammene. Mønekammene vart skorne av heil ved. Alle nylagde takflater vart tjæra 2 gongar.

TAKRYTTAR OG VINDFLØY

Taket på takryttaren var i svært dårleg stand og vart difor vedteke å setje i stand. Det vart montert stillas rundt ryttaren slik at gamal spon kunne demonterast. Spona på spiret var sterkt tæret av sol og vær, da desse ikkje hadde vore skift sidan takryttaren vart bygd i 1721. Det vart lagt nye spon og lekter på taket og spiret, samt at

spiret vart behandla med Owatrol. 3 spon på nordsida av spiret var i så god stand at dei kunne nyttas om.⁴ I samband med istandsetting av takryttaren vart det vurdert og vedteke at vindfløya frå 1721 var så tynnslitt at det var ynskeleg å erstatte den med ein kopi. Smeden Bjørn Olav Olesrud fra Tinn lagde nytt blad som nøyaktig kopi av den gamle vindfløya.⁵ Etter ferdig montering vart taket og spiret på takryttaren tjæra. Vindfløya på vestida av skipet var råteskadd i overkant. Denne er, i motsetjing til vindfløya på takryttaren, av furu. Det var også ein sprekk i spirstonga under vindfløya. Det vart lagd ny vindfløy i 100% kjerneved av furu. Det vart også lagd ein kopp i kopar som vart montert på spirstonga for å forsterke den. I tillegg vart det montert ein rund topp av kopar både på spirstonga og på vindfløya.⁶



Kyrkjegardsportal: Ferdig tjæra med nytt og spunsu spir montert på taket. Foto: Ellen M. Devold, Riksantikvarens arkiv

KYRKJEGARDSPORTAL

Kyrkjegardsportalen ved Uvdal stavkyrkje står i muren inn til kyrkjegarden og i den øvste sida av portalen er eit gammalt hjulkors i kleberstein sett inn. Ved synfaring var konstruksjonen i portalen i god stand, medan spon og spir på taket var sterkt slitne. Det vart difor vedteke å legge ny spon på taket. Det vart

rigga stillas rund portalen og gamal spon vart rive. Sløyfer og leker vart funne i så god stand at det ikkje var naudsynt å fjerne desse. Det vart tilverka ny spon samt ny mønekam til taket. I tillegg vart spiret mot aust i så dårleg stand at dette måtte erstattast av ein kopi, medan spiret mot vest kunne spunsast med nytt friskt virke. Etter

montering av ny spon, mønekam og spir vart taket tjæra.

STEINTRAPP OG GRUNNMUR

Steintrappa ved inngangen til koret vart heilt demontert og bygd opp att. Trappa var i dårleg forfatning med lause heller på toppen og utgjorde såleis eit sikkerheitsproblem. I tillegg til at trappa vart demontert og lagt om vart ho og supplert med nye heller på toppen.

I samband med arbeidet med kyrkjetrappa vart det fjerna laust liggande Rockwoolplater under heile kyrkja, med unntak frå under nordre ving då det mangla tilgang til denne. Bakgrunnen for at ein ynskja platene fjerna var at desse utgjorde eit framandelement under bygningen, og at dei kunne fungere fukttoppsamlende.

Det vart samstundes laga nytt rekkverk til steintrappa framfor hovudinngangen. Rekkverket vart utført i utmalma furu i 2005. Då den noverande steintrappa framfor hovudinngangen truleg aldri hatt noko form for rekkverk nytta ein ei teikning frå 1901, samt eit seinare foto frå Uvdal i *Norges Kirker* som viser ei tømra trapp med rekkverk, som førebilete til utforminga av det nye rekkverket.

Grunnmur under sydveggen på kyrkje hadde glidd ut, men vart mura opp att og stabilisert.

VINDAUGE

I samband med stavkyrkjeprogrammet vart 5 vindauge i Uvdal stavkyrkje utbeta. Det 3-faga vindauge i

sørveggen og dei to enkle vindauga i vestveggen var i dårleg stand, då dei var vêrslitte og utan kittfalsar var det naudsynt å lage nye rammer til desse vindauga.⁷ De nye rammene vart laga med same mål som originalane med maskinhøvla trevirke. Samanføyingar vart tappa saman og låst med handspikka koniske trepluggar, utan å nytte lim. Det venstre vindaugget i hadde handhøvla profilar av same type som dei gamle ein finn i Nore stavkyrkje. Ein del av glasa i vindauga var eldre blåste glas. Vassbord under vindaugget mot sør og nedst under panel mot aust i søndre krossarm vart tilpassa.

KYRKJEKUNST OG INVENTAR

Ikkje mykje av inventaret frå mellomalderen er bevart. I kraft av stavkyrkjeprogrammet vart kyrkjekunsten i Uvdal tilstandsregistrert og funne i god stand.⁸ Veggdekoren er hovudsakleg utført med limfarge, noko med oljemåling. Dekoren har vore konsolidert tidlegare, i perioden 1994 -1995, og er difor i relativt god tilstand. Det vart derimot gjennomført ei rekkje andre mindre tiltak innvendig i kyrkja. Mellom anna vart lause benkevangar i skipet og delar på vestre galleribrystning kilt fast med trekilar. Det vart utført reparasjonar og delvis utskifting av knefallet på alterringen. I tillegg var den raude alterduken på alterbordet var sterkt nedbroten og bleika og vart difor

behandla av ein tekstilkonservator. Lyset frå vindauga i koret har vore ein vesentleg orsak til skadane. Enkelte skader er observert, men vurdert som stabile, og krev ettersyn. Dette gjeld sprekker i korbogen, skade i nordvestre kne, samt skade i sydvestre stav.

ANDRE TILTAK

Utover hovudarbeida, med mellom anna takflatene på kyrkja, vart det gjennomført nokre tiltak for å betre tilstanden til kyrkja og dokumentere kyrkjebygget. Terrenget på nordsida av kyrkja vart senka. Arbeidet vart utført med arkeolog til stades.

Som ein del av Riksantikvaren sitt stavkirkeprogram vart det i desember 2006 føreteke ei fotodokumentering av loftet og den indre delen av Uvdal stavkyrkje. Hensikta med denne fotograferinga var å sikre dokumentasjon av delar av stavkyrkjene som normalt har vore dårleg dokumentert. I samband med dette registreringsarbeidet vart det funne to hittil ukjende greske krossar som var skorne inn i undersida på hanebjelkane i kyrkja.⁹

SAMANDRAG

Uvdal stavkyrkje er datert til omkring 1170 og er av midtmasttypen. Kyrkja er bygd om i fleire omgangar og vart krosskyrkje med takryttar omkring 1725. Krossarmane er òg bygde i stavverk. Portalane,

halvmaskene ved sida av koropninga og utskjeringane i vestgalleriet er frå mellomalderen. Den måla renessansedekoren er frå 1600-talet medan rokokkoornamenta er frå 1700-talet. Ved Uvdal stavkyrkje vart det påvist store skader i fleire av takflatene. Det er no lagt ny spon på alle dei vêrutsette takflatene. Spona på sjølve spiret vart òg skifta. Det vart nytta grov, rettvokse, utmalma furu som virke, og spona vart tilverka med øks. Arbeidet med spontekkinga gjekk over to periodar, fyrst i 2003-2005, deretter i 2014. Kyrkjekunsten er tilstandsregistrert og funne i god stand.

LITTERATUR OG KJELDER

LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005.

RAPPORTAR

Devold, Ellen, *Stavkirkeprogrammet journal Uvdal*, 2006.

Devold, Ellen. *Rapport Uvdal stavkirke istandsetting av bygningen 2003/2005*, 2005.

Devold, Ellen. *Tilstands og tiltaksbeskrivelse på grunnlag av befarings til Uvdal stavkirke*. 13.02.02 og 03.10.02, 2002.

Devold, Ellen. *Befaring Uvdal stavkirke 12.02.02*, 2002.

Devold, Ellen, *Befaringer til rollag nore og uvdal stavkirker 08.09.03*, 2003.

Friis, Nils. *Sluttrapport restaureringsarbeider ved Uvdal stavkirke*. 14.11.2008, 08.06.2010, 2010.

Friis, Nils. *Uvdal stavkirke Notat om spontekking*. 18.11.2003, 2003.

Friis, Nils. *Uvdal stavkirke. Status pr 01.01.05*, 2005

Friis, Nils. *Uvdal stavkirke. Befaringsnotat*. 14.06.04, 2004.

Hjalland, Nils Gunnar. *Arbeidsrapport rekkverk på steintrappa foran kirkedøra*, 2006.

Kataja, Jaana, *Konserveringsrapport Uvdal stavkirke Messehagel 1786 RA ref. 10/00645-3*

Lie, Ragnar, *Dokumentasjon på 5 nye vindusrammer i Uvdal stavkirke, januar 2007*, 2007.

Marumrud, Hans, *Arbeidsrapport for Uvdal stavkyrkje 2014-2015. Takspen*. 2015.

Marumrud, Hans, *Arbeidsrapport for restaurering av takrytter på Uvdal stavkirke*.

Stein, Mille, *Uvdal, Tilstandsregistrering 17 – 18. 06.02*, 2002.

Storsletten, Ola, «*To ukjente kors i Uvdal stavkirke*», NIKU, *Rapport Bygninger og omgivelser 29/2007*, 2007.

Stein, Mille. *NIKU rapport 38/2007, Stavkirker, Reinli, Hegge, Lomen, Torpo. Behandling av inventarstykker*, 2007.

Storsletten, Ola. *Lomen stavkirke – Vestre Slidre kommune. Fjerning av løsmasse rundt de nedre deler av stavverket i skipet. Rapport*, 2004.

Trøen, Stienar og Tvenge, Terje. *Arbeidsrapport, Takarbeider Lomen Stavkyrkje*, 2005.

Tvenge, Terje. *Rapport på skifertak Lomen Stavkyrkje*, 2004.

Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.

FOTNOTAR

¹ Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005

² Devold, Ellen. *Befaring Uvdal stavkirke 12.02.02*, 2002.

³ Devold, Ellen. *Tilstands og tiltaksbeskrivelse på grunnlag av befarings til Uvdal stavkirke*. 13.02.02 og 03.10.02, 2002.

⁴ Marumrud, Hans, *Arbeidsrapport for restaurering av takrytter på Uvdal stavkirke*.

⁵ Friis, Nils. *Sluttrapport restaureringsarbeider ved Uvdal stavkirke*.

⁶ Marumrud, Hans, *Arbeidsrapport for Uvdal stavkyrkje 2014-2015. Takspen*.

⁷ Lie, Ragnar, *Dokumentasjon på 5 nye vindusrammer i Uvdal stavkirke, januar 2007*, 2007.

⁸ Stein, Mille, *Uvdal, Tilstandsregistrering 17 – 18. 06.02*, 2002.

⁹Storsletten, Ola, «*To ukjente kors i Uvdal stavkirke*», NIKU, *Rapport Bygninger og omgivelser 29/2007*, 2007.



Besøksadresse: Dronningensgate 13, 0152 Oslo,

Postadresse: Riksantikvaren, Direktoratet for kulturminneforvaltning, Postboks 8196 Dep. N-0034 Oslo

Telefon: (+47) 22 94 04 00, Telefaks: (+47) 22 94 04 04, e-post: postmottak@ra.no